

O. HÆREID



- Jobben er ikkje gjort før kunden er nøgd!



Frå hest og kjerre til maskinkraft


Heilt tilbake til 1940 tok Olav Ludvig Hæreid dei første spadetaka for det som skulle bli Olav O Hæreid AS. Starten var audmjuk, med hest og kjerre for å tømme septiktankar frå brakkeriggane under krigen. Denne beskjedne byrjinga la grunnlaget for ein stødig vekst, der Olav snart byrja å vinne ut og selje sand frå eige sandtak til betongproduksjon.

Olav var aldri redd for å prøve noko nytt, og det var ikkje lenge før firmaet tok på seg gravearbeid og andre anleggsoppdrag. Traktorane tok over for hestekreftene, og arbeidet vart både meir omfattande og effektivt.

Då sonen, Olav Birger, vart ein del av verksemda, endra dei namn til Olav O. Hæreid & Sønn AS. Bokstaven O i firmanamnet står for Olavsson, då fyrstefødde på garden blei kalla Olav i fleire generasjonar. Med dette tok dei steget inn i ein ny æra som ei stolt familiebedrift.

84 år og tallause spadetak seinare, står Olav O. Hæreid AS igjen som ei kjend og kjær bedrift i regionen, med over 15 dyktige tilsette. Våre tenester spenner vidt innan maskin- og anleggsarbeid, og same fleksibiliteten og motet som Olav Ludvig viste, lever vidare i kulturen til firmaet.

Me tek arven med oss vidare og byggjer for framtida, klar til å møte nye utfordringar med same iver som grunnleggjaren vår.



Nokre av våre tenester:

Graving
Drenering
Transport
Riving
Planering
Snøbrøyting
Steinlegging
Betongsaging og boring
Anleggsgartnerarbeid



Kvalitet

Me har fullt fokus på å levere kvalitet i alle ledd, fra A til Å.



Service

Olav O Hæreid AS legg stoltheit i å yte topp service til alle kundane våre.



Tryggleik

Du skal vere trygg på at tenesta blir levert til rett tid og til rett pris.




Graving

Me har ein moderne maskinpark som handterer alt frå hagejobbar til kjellarutgraving, grøftegraving og tomtegraving på store anleggsprosjekt. Me utfører oppdrag for både private, bedrifter og offentlege.

Ingen jobb er for vanskeleg for oss. Me kan til og med få gravemaskiner fram til dei mest avsideliggjande stadene, anten det krevst båt eller helikopter. Med oss får du gjort jobben, same kvar han er.





Tomtearbeid

Me tek hand om alle typar tomtearbeid. Om det skal drenerast, planerast, murast eller klargjerast til steinlegging/asfaltering, har me både kompetanse og utstyr som trengst for å sikre eit solid og fint resultat.

Me har lang og god erfaring til å finne gode løysingar for opparbeiding/utforming av tun og hage.



Betongsaging og kjerneboring

Me har brei kompetanse på betongsaging og kjerneboring for alle typar bygg- og anleggsprosjekt. Våre tenester inkluderer alt frå å sage ut større opningar for dører og vindauge i betongvegger, til å bore presise hol i mur, betong og stein for installasjon av røyr og kablar. Om det gjeld private bustadar eller industribygg får me jobben gjort på ein effektiv og sikker måte.



Riving og miljøsanering

Me tek på oss store og små riveprosjekt av bygningar, stålkonstruksjonar mm. Alle typar bygningsdelar blir sortert og levert til gjenvinning. Me har godkjend mottak for deponering av betong og asfalt til resirkulering.

EIK
SENTERET

Fendt, Massey Ferguson, Husqvarna og Honda

Tlf: 576 71 857 • Gladetoppen 1, Hafslø
www.eiksenteret.no

Transport

Olav O. Hæreid AS utfører transportoppdrag. Med semitrailer, kranbil, fleire lastebilar er me godt rusta til å handtere alt frå små gjenstandar til store, tunge laster. Om det dreier seg om byggjemateriale til ein konstruksjonsjobb, anleggsmaskiner eller spesialutstyr til eit industriprosjekt.



TRUCKNOR



Tlf. 57 86 84 00



RESIRK AS
CONTAINERSERVICE

TLF. 57 66 35 50
6884 ØVRE ÅRDAL



Brøyting

Med topp moderne brøytebilar er me godt utrusta for å takle sjølv dei tøffaste vinterforholda. Me sørgjer for at vegar, gangfelt, og parkeringsplassar alltid er trygge og tilgjengelege for kundane våre. Me tilbyr brøyting for private, boligbyggelag, det offentlege og bedrifter.

Me har det fulle ansvaret for brøyting og salting langs fylkesveg 53. I tillegg til brøyting, tilbyr me snøfresing, isfjerning og strøing. På den måten får både innbyggjarar og næringsliv trygge og farbare vegar gjennom heile vintersesongen.

Me forstår viktigheita av rask respons når snøen fell, og har derfor døgntelefon gjennom heile vinteren. Dette sikrar at kundane våre aldri skal stå fast, same når på døgnet det måtte vere.





«Det fine med å jobba i O. Hæreid er at det er veldig mykje variert arbeid. Ein blir veldig alsidig. I tillegg er det eit veldig bra arbeidsmiljø her.»

Marius Midtun
Anleggsleiar



Steinlegging og Muring

Me tilbyr praktiske løysingar for muring og steinlegging. Om det er natursteinmuring eller steinlegging av ein innkøyrse hos ein privatkunde, er me godt rusta til å handtere både små og store oppdrag, samt store anleggsprosjekt.

Med fagbrev og solid erfaring innan anleggsgartnarfaget skaper me vakre, funksjonelle utandørsrom som ikkje berre ser bra ut, men også er praktiske og holdbare. Om du treng råd til korleis du kan forbetre uteområde ditt kjem me gjerne på ei synfaring for å hjelpe deg.





Maskinpark

Maskinene våre står klare til å takle dei aller fleste oppdrag. Maskinparken består av brøytebilar, lastebilar, gravemaskiner, og hjullastarar. I tillegg til dette, har me eit breitt spekter av spesialutstyr som knuse og sikteverk, rivingsutstyr, traktorar, kranbil, snøfresarar, flishoggarar, minidumper, for å nemne nokon.



**RETT REDSKAP
TIL HVERT TILFELLE**

VERDENS MEST SOLGTE
HELAUTOMATISKE
HURTIGKOBLINGSSYSTEM

Muring på «1000 meteren»

Gamlevegen mellom Sletterust og Øvre Årdal, er kjend for si vakre, men utfordrande rute som svingar seg opp til 1000 meter over havet. Når denne vegstrekninga kravde eit omfattande murararbeid langs eit bratt stup på 200 meter, var det mange som vurderte oppdraget for umogleg.

Me tenkte «dette må me få til», og gjennomførte prosjektet med å sikre og forsterke vegen med stor suksess.

Ferdigstilt: **2022**



Seimsdalstunnelen

Seimsdalstunnelen på fylkesveg 303 i Årdal kommune vart eit stort prosjekt for oss. Me var underentreprenør for Bertelsen & Garpestad AS og køyrde vekk dei fyrste seinlassa i 2019 og var med heilt til ferdigstillinga i 2023. Me utførte alt frå muring, graving og transport av stein. Me mura totalt 4000 kvadratmeter på prosjektet. Her var me involverte i alle fasar av prosjektet frå start til slutt.

Ferdigstilt: **2023**

- Tømring, maling, betong
- Blikkenslager
- Rørlegger
- Elektro
- Plate-sveis
- Maskineringsverksted
- Industrimekaniker

BILFINGER ENGINEERING & MAINTENANCE

DIN TOTALLEVERANDØR

I SOGN

Kontakt:

Dag Reidar Vik — 930 52 863
dag.reidar.vik@bilfinger.com



BILFINGER

www.bilfinger.com

Tomtearbeid på hytter

Me har lang erfaring med opparbeiding av hyttetomter. Gjennom åra har me utført ei rekke oppdrag som spenner frå grunn- og terrengarbeid til stikking av merke der hytta skal byggast.

Me har spesielt god erfaring med utforming av hyttetomter, der me legg stor vekt på å bevare og respektere den naturlege vegetasjonen. Til dømes murer me trapper som «glir» inn i terrenget. Dette sikrar at tomte blir integrert harmonisk med det naturlege miljøet sitt, noko som gir ein ekstra verdi både estetisk og miljømessig.



50 ÅRS ERFARING

Årdal Byggservice har djup forankring i lokalsamfunnet. Sidan oppstarten i 1972 har me levert kvalitetsarbeid til våre kundar i Årdal og omegn. Vårt team er stolte av å vere samarbeidspartnar for ei rekkje byggjeprojekt.

ME TILBYR:

- Nybygg og rehabilitering
- Tømrararbeid
- Stillasutleige

Årdal Byggservice AS

6885 Årdalstangen 

Seimsdalsvegen 3 | M: 481 22 883 | @ avalsvik@ardalbygg.no



Skogrydding

Med brei kompetanse og det nødvendige utstyret utfører me eit vidt spekter av skogryddingsarbeid. Med krattknusarar, flishoggarar og spesialtilpassa gravmaskiner er me i stand til å handtere alt frå små oppdrag som å fjerne ei enkelt busk i ein hage, til store prosjekt som omfattar rydding av store områder eller lange strekk.



**HAUGEN
MASKINSERVICE**

Reparerer det meste for dei fleste!

Holssletta 4, 6018 Ålesund
Tlf. 991 28 135
haugenmaskinservice@outlook.com



Haugen Maskinservice AS er lokal forhandler av Takeuchi gravmaskiner i Møre og Romsdal/Sogn og Fjordane.

Vi utfører sakkyndig kontroll ved anleggsmaskiner, truck, reparasjon og service av alle typer anleggsmaskiner og landbruksmaskiner.

Vi anskaffer også reservedeler og tilleggssutstyr til alle typer anleggsmaskiner og landbruksmaskiner. Med god erfaring og solid kompetanse er vi i stand til å tilby våre kunder gode produkter og løsninger.



Me skaper neste generasjons anleggsstjerner

Hos Olav O. Hæreid AS er me stolte over å bidra til utdanninga av morgondagens stjerner innan anleggsbransjen. Me er godkjend lærlingbedrift i maskinførarfaget, transportfaget, anleggsgartnarfaget, og veg- og anleggsfaget. Ei læretid hos oss sikrar at lærlingane får ein trygg og god læringsarena i eit fantastisk arbeidsmiljø.

Mange av våre noverande tilsette starta karrieren sin hos oss som lærlingar. Me er spesielt stolte av at me har lærlingar der familiesambandet til firmaet strekkjer seg over generasjonar—med både far og bestefar som har vore heile sitt yrkesaktive liv hos Olav O. Hæreid.



Vang: 61 36 88 15 • Årdal: 47 86 73 64 / 47 86 73 65 **elkonor**

www.elektromontasje.no



Kontakt oss!



olav@olavoh.no



950 74 350



olavohareid.no



Olav O. Hæreid



Sløbakkvegen 4, 6885 Årdalstangen